

SKULENS KLIMARAPPORT

Dette er eit undervisningsopplegg utvikla av Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe senter for klimaviten, i samarbeid med pilotskule Firda vidaregåande skule i Gloppen Kommune, og Sogn og Fjordane Fylkeskommune, 4H Sogn og Fjordane og UWC Red Cross (United World College) i Fjaler. Tiltaket er utvikla med stønad frå Miljødirektoratet gjennom «Den Naturlege Skulesekken», der målet var å utvikle eit undervisningsopplegg for vidaregåande elevar i skulens nærmiljø.

SKILDRING AV TILTAKET

Skulens Klimarapport er eit undervisningsopplegg der lærarane tek elevane med *ut* i naturen og *ut* i skulens nærmiljø. Tiltaket har som målsetting å bevisstgjere om lokale konsekvensar av den globale oppvarminga og kva som kan gjerast i høve klimatilpassing, klimatiltak, berekraftig utvikling og omstilling i lokalsamfunnet. Ved bruk av konkrete lokale problemstillingar, utforskande arbeidsmetodar og praktisk tilnærming, er fokuset på å auke både elevanes og læraranes kompetanse innanfor berekraftig utvikling, med særleg vekt på eit klimaperspektiv. Dette kan vera med på å legge eit grunnlag for ein sunn berekraftig tankegang som elevane tek med seg i vidare utdanning og yrkesliv, men og i eit samfunn i stadig endring. Tiltaket har som mål å auke fokuset på klima og miljø for elevar på vg1, men kan også brukast innan studiespesialiserande utdanningsprogram på vg2 og vg3. Aktuelle involverte fag i tiltaket er naturfag, samfunnsfag, geografi, matematikk, norsk og kroppsøving. Sjå vedlegg 1 for aktuelle kompetansemål med forankring i Læreplanverket. Tiltaket skal òg kunne tilpassast for klassetrinn i grunnskulen, ha overføringsverdi til andre skular med mulegheit for lokale tilpassingar og ha verdi over tid for skulen i deira langsiktige læringsarbeid.

KONKRET OM UNDERVISINGSOPPLEGGET

Opplegget kan delast inn i fasar og utførast i løpet av 1 skuleveke. Undervisningsopplegget er vegledande og kan justerast på etter behov for den einskilde klassen (dette gjeld særleg omfang av prosjektet, altså kor mange dagar som settast av til disposisjon).

1) Innføring. Foredrag og ekskursjon. Læraren gjev ein innføring i den siste klimaforskinga og relaterer det til lokale utfordringar innan klima, berekraft og miljø. Dette for å gje elevane eit kunnskapsgrunnlag og oversikt i høve prosjektet dei skal gjennom. Her får elevane idear til neste fase. Her kan læraren invitere lokale aktørar som kommune, NVE, renovasjonsbedrift, energiproducent, 4H, bønder etc. til å halde foredrag. Læraren kan organisere ein ekskursjonsdag der dei besøker ulike lokale aktørar og får fagleg informasjon. Meininga med denne delen av opplegget er at elevane skal få vekke interesse for aktuelle tema dei kan jobbe med. **1 skuledag.**

2) Idémyldring. Elevane delast inn i grupper og skal sjølv utarbeide ein plan, etter rettleiing frå lærar, på kva dei vil arbeide med i rapporten. Oppgåva er å setje seg inn i kva konkrete konsekvensar

klimaendringane har fått eller kan få i deira nærmiljø, kva miljøtiltak som allereie vert gjennomført og kva nye tiltak som bør setjast inn for å tilpasse seg eit klima i endring. **1 skuledag.**

3) Rapportskriving. Basert på fase 1 og 2 skal elevane utarbeide gruppevise rapportar, der dei gjer greie for kva som kan bli konsekvensane av klimaendringane, korleis eksisterande miljø- og klimatiltak bidreg til berekraftig utvikling og om det eventuelt bør settast i gong nye tiltak. **2 skuledagar.**

4) **Presentasjon.** Basert på kvar gruppe sine utgreiingar set læraren dette inn i ein eigen rapport, «Skulens Klimarapport». Gjennom presentasjonar, debattar og diskusjon i klassen kan også dannelsingsomgrepet bli trekt inn i prosjektet, noko som vidare kan stimulere til at elevane får prøvd hatten som til dømes forskarar, politikarar, journalistar og ulike aktørar frå offentlege etatar og næringsliv. Kvar gruppe kan i tillegg presentere sin del av rapporten for kommunen og næringslivet lokalt, med vekt på konkrete lokale problemstillingar og sine konklusjonar (Dette er selvfølgelig valfritt). **1 skuledag.**

BIDRAG TIL ELEVANES KOMPETANSE INNANFOR BEREKRAFTIG UTVIKLING

Fleirfagleg samarbeid mellom lærarar ved skulen og eksterne lokale aktørar kan bidra til å auke elevanes kompetanse innan berekraftig utvikling. Her leggast det vekt på å gje elevane innsikt i konkrete lokale problemstillingar, gjennom utforskande arbeidsmetodar og praktisk tilnærming, for å mellom anna sjå korleis heimstaden deira kan bli påverka av klimaendringar, kva tiltak som bidreg til eller bør settast i gong når det gjeld klimatilpassing og miljøutfordringar og gode eksempel på berekraftig utvikling.

Spørsmål kring dette undervisingsopplegget kan rettast til Norsk Bremuseum. Send gjerne e-post eller ring. Kontaktinfo finn de på www.bre.museum.no.

Lukke til!

Helsing

Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten i Fjærland